

Fra: Guri Finne Sognnæs[Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no]
Sendt: 14.02.2025 10:00:13
Til: Marianne Tangeraas[Marianne.Tangeraas@norconsult.com]
Kopi: Post[post@kvinnherad.kommune.no];
Tittel: Sv: Dykkar ref. 2024/7859-3

Hei

Så lenge det er ein endra eller utvida bruk av ei avkøyrsløse frå fylkesveg må ein alltid søke om løyve etter veglova § 40. Det gjeld uavhengig av kor stor den utvida bruken er. Eg ser i vårt arkivsystem at avdeling for infrastruktur og veg dessverre ikkje fekk moglegheit til å uttale oss i saka tilbake i 2023. Dette skal eg undersøke internt hjå oss og så får me sjå korleis me handterer denne saka vidare.

Elles er det viktig at høyringsprosessen rundt ein dispensasjonssak vert handtert av kommunen. Slik får me historikkenog den heilskaplege vurderinga, og ein er sikra at alle fag vert høyrd. Me vil difor no avvente med å uttale oss vidare i saka fram til kommunen si handtering. Tilrår at de tek kontakt med dei.

Med helsing

Guri Finne Sognnæs

Infrastruktur og veg
Vegforvaltning Vestland



Tlf: 91576451
www.vlfk.no

Fra: Marianne Tangeraas <Marianne.Tangeraas@norconsult.com>
Sendt: torsdag 13. februar 2025 09:54
Til: Guri Finne Sognnæs <Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no>
Emne: SV: Dykkar ref. 2024/7859-3


You don't often get email from marianne.tangeraas@norconsult.com. [Learn why this is important](#)

Hei,


Forsøkte å ringe deg for å få avklart litt meir rundt det me håper er ei misforståing. Søknaden om dispensasjon som no blir sendt til kommunen for handsaming, gjeld kun ein liten del av anlegget. Det er den 16.02.2024 gitt dispensasjon ihht PBL til alle dei andre tiltaka ifm damrehabiliteringa. Vestland FK har hatt anledning til å gi uttale ved dispensasjonshandsaminga då, og ved høyring av detaljplan for miljø og landskap (godkjend av NVE 11.10.2023) ifm rehabilitering av damanlegga ved Staffivatn og Midtbotvatn. Vestland FK gav uttale til detaljplan for miljø og landskap den 01.09.2023, me kan ikkje sjå at

de nemner noko om utvida bruk av avkøyrsløse i uttalen då, eller til tidlegare søknad om dispensasjon. Trafikken vil som nemnd i all hovudsak skje mellom adkomstveg til dam Staffi, og mellomlager ca. 500 m sør for dammen.

Må ein søke om utvida løyve for å køyre opp anleggsmaskiner og ta dei ned att ved anleggsslutt? Utover dette vil det være noko persontrafikk, men ikkje av ein slik karakter at det skulle være naudsynt med utvida løyve.



Figur 1 Tidlegare vegtrase (dispensasjon gitt 16.02.24). Veg og mellomlagring utgår, og blir erstatta av løysing vist i utsnitt under.



Figur 2 Ny vegtrase for adkomst til dam Staffi, søker om dispensasjon i 2025. Mellomlagring vist med grønn skravur.

Kva forhold meiner Vestland fylkeskommune har endra seg frå tidlegare?

Med vennlig hilsen

Marianne Tangeraas

Rådgiver

Tel: +47 41 55 22 10 | marianne.tangeraas@norconsult.com

Frå: Guri Finne Sognnæs <Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no>

Send: onsdag 12. februar 2025 11:03

Til: Marianne Tangeraas <Marianne.Tangeraas@norconsult.com>

Kopi: Kvinnherad kommune <post@kvinnherad.kommune.no>

Emne: Sv: Dykkar ref. 2024/7859-3

Hei

Blådalsvegen er fort å rekne som ein kommunal veg, men den er registrert som ein privat veg. De må difor søke om utvida bruk av avkøyrsla hjå oss i Vestland fylkeskommune etter veglova.

Søknadsskjema finn de her <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/>.

Me kan som nemnt kome med ein førehandsuttale, men endeleg avkøyrslavedtak etter veglova kan me ikkje gje før kommunen har handsama saka etter plan- og bygningslova. Me er som nemnt høyringsinstans under kommunen si behandling av saka.

Med helsing

Guri Finne Sognnæs

Infrastruktur og veg
Vegforvaltning Vestland



Tlf: 91576451

www.vlfk.no

Fra: Marianne Tangeraas <Marianne.Tangeraas@norconsult.com>

Sendt: tirsdag 11. februar 2025 09:30

Til: Guri Finne Sognnæs <Guri.Finne.Sognnes@vlfk.no>

Emne: Dykkar ref. 2024/7859-3

You don't often get email from marianne.tangeraas@norconsult.com. [Learn why this is important](#)


Hei!

Syner til oversending frå dykk, datert 10.02.2025.

Me er klare over at det er kommunen som handsamar søknad om dispensasjon jf. Plan- og bygningslova.

Saka her gjeld tiltak som i utgangspunktet har fått dispensasjon, men ein har no valt å gå for ei anna løysing som vil vere mykje meir skånsam for naturinngrep. Med bakgrunn i dette, krevst det ny handsaming av søknad om dispensasjon for dei nye forholda.

Prosjektet er svært pressa på tid då ein tek sikte på å starte i april. NVE har endringssøknad til handsaming hos seg no, og det er venta vedtak i saka innan kort tid. Det er kommunal veg, Blådalsvegen som skal nyttast til avkøyrsløse, me kan ikkje sjå at anleggsarbeida vil medføra auka/endra bruk av FV 5024, då anleggsarbeida og køyring i samband med dette i all hovudsak vil vera frå nordre ende av dam Staffi til mellomlager ca. 500 m sør frå adkomstvegen:



Det er ca. 5 km til fylkesvegen frå tiltaksområdet, der ein no søker om dispensasjon frå LNF-areal.

Vi ber om fråsegn på førehand (primært gjeld dette frå planavdelinga i fylkeskommunen), slik at vi ikkje treng vente på at kommunen skal innhente fråsegn når dei starter handsaming av saka. Dersom anleggsarbeida ikkje kjem i gong, til tenkt tid, risikerer ein å måtte arbeide over fleire sesongar enn planlagd, noko som vil være uheldig for dei som nyttar Blådalsvegen (hyttefolk, turgåarar mm), samt for tiltakshavar, som då må rigga opp/ned fleire gonger enn naudsynt. Tiltaka følger av damsikkerheitsforskrifta, og er utført etter pålegg frå NVE for å ivareta sikkerheita ved damanlegget.

Saka er unnateke handsaming av PBI kap 20, då saka blir handsama etter konsesjonsregelverket hos NVE. Saka skal difor ikkje handsamast etter plan- og bygningslova utover at ein må søke om dispensasjon frå gjeldande plan, då området ikkje er regulert, og er avsett til LNF i gjeldande kommuneplan.

Med vennlig hilsen

Marianne Tangeraas

Rådgiver

Tel: +47 41 55 22 10 | marianne.tangeraas@norconsult.com

Norconsult Norge AS

Saudavegen 30, 4200 Sauda, Norway

Tel: +47 52 79 00 70 | norconsult.com

Every day we improve everyday life

CONFIDENTIALITY AND DISCLAIMER NOTICE: This message is for the sole use of the intended recipients and may contain confidential information. If you are not an intended recipient, you are requested to notify the sender by reply e-mail and destroy all copies of the original message. Any unauthorized review, use, disclosure or distribution is prohibited. While the sender has taken reasonable precautions to minimize the risk of viruses, we cannot warrant the absence of, or accept liability for, any such viruses in this message or any attachment.

CONFIDENTIALITY AND DISCLAIMER NOTICE: This message is for the sole use of the intended recipients and may contain confidential information. If you are not an intended recipient, you are requested to notify the sender by reply e-mail and destroy all copies of the original message. Any unauthorized review, use, disclosure or distribution is prohibited. While the sender has taken reasonable precautions to minimize the risk of viruses, we cannot warrant the absence of, or accept liability for, any such viruses in this message or any attachment.